

Vedlegg: B1

Til: Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 41, 5914 Isdalstø  
56375000

Frå: Kirsti Abbedissen  
Bruvegen 70, 5914 Isdalstø  
48135865


## Dispensasjonssøknad


Eg, Kirsti Abbedissen, Gnr. 188, Bnr. 470 søker med dette om dispensasjon frå lova om planlegging og byggesaksbehandling § 29-4.

Eg bur i rekkjehus og ønskjer å bygga ein altan som går heilt inn til nabogrensa til nabo Kaj Gunnar Nielsen, Gnr. 188, Bnr. 471. Eg har ikkje lukkast i og få kontakt eller underskrift på skjema "*naboærklæring om redusert avstand til nabogrense i samsvar med plan- og bygningslova § 29-4.*". Kommunen kan godkjenne at byggverk plasserast nærmare nabogrensa eller i nabogrensa ved oppføring av mindre tiltak og derfor søker eg om dispensasjon.

8 av 10 hus i rekkja har allereie bygga seg altan på framsida av huset. Altanen følgjer huset, og for å få ein likskap med dei andre husa ønskjer eg og bygga altan. Det er viktig med ein heilskap i bygg og altan, spesielt når me bur i rekkehus.

Vedlagt ligg det to bilete der mitt hus er merka med ein gul firkant.

  
Sign. Kirsti Abbedissen

  
Dato

